

Regndans for miljøet i Fusa

3. og 4.-klassingar ved fleire skular i Fusa har dei siste vekene fått læra meir om klima og miljø gjennom å mima alle dei ulike typane vestlandsvêr.

► FUSA

Stykket heiter «Dans været» og elevane har fått hjelp av instruktørar frå Vestlandske Teatersenter til opplegget.

– Borna har blitt utfordra til å bruka heile kroppen til å læra meir om vêr og klima. Det har vore eit tverrfagleg prosjekt, der både gym, musikk og norsk har vore brukt, seier lærar ved Fusa skule, Linda Øvreeide.

Elevar frå Strandvik Montesorriskule og Vinnes Friskule var saman med Fusa skule torsdag, då Vestlandske Teatersenter var på besøk.



Når det regnar i Afrika

På førehand hadde dei lese boka «Når det regner i Afrika» (Erna Osland og Per Ragnar Møkleby). Gjennom den fekk elevane kjennskap til korleis regnet blir til, og «kor mange skydropar

det er i kvar regndrope», ifølgje nynorskvisa for born, Framtida. Samtidig vart elevane kjende med Styrk som drøymer om regn. Far hans og mormora hans er i Afrika og byggjer vatningsanlegg, men regnet kjem ikkje.

DANS VERET: Elevane ved fleire Fusa-skular har i løpet av dei siste vekene lært meir om klima og miljø gjennom dans og miming. (Foto: Fusa skule)

Flinke instruktørar

Øvreeide gjev skryt til dei proffe instruktørane Hanne Vatnøy og Ine Therese Hogstad. Den første av dei har komponert musikken og skrive teksten til «Tikk Takk» som elevane lært seg og til slutt framførte.

– Det var tydeleg at dei hadde gjort dette før. Og elevane syntest det var veldig kjekt, seier Øvreeide.

1. og 2.-klasse var publikum då elevane til slutt framførte stykket dei hadde øvt inn. I overkant av 20 elevar var med på torsdag, men også dei andre Fusa-skulane har vore gjennom opplegget i løpet av dei siste vekene.

► Øystein Lid

ol@osogfusa.no